



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rasmus Johan Ekroll Arkivsaknr: 2015/1310-4786/2017
Arkiv: L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
90/17	Formannskapet	17.10.2017
53/17	Kommunestyret	31.10.2017

Saka gjeld: **REGULERINGSPLAN KJELSVIKA.**

Tilråding:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Kjelsvika M=1.1000 sist dat.08.06.2016 m/føresegner

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Kjelsvika M=1.1000 sist dat.08.06.2016 m/føresegner

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Kjelsvika M=1.1000 sist dat.08.06.2016 m/føresegner

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 6. november 2017



Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær

Særutskrift: Ørsta Byggeservice AS

Kristin og Håvard Longva

Vedlegg:

1. Reguleringsplan Kjelsvika M=1.1000 sist dat.08.06.2016 m/føresegner
2. Brev frå Møre og Romsdal Fylkeskommune dat.21.12.2015 og 27.9.2017
3. Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal dat.06.12.2016
4. Brev frå Statens Vegvesen dat.08.11.2016
5. Referat frå synfaring i Kjelsvika 6.4.2016
6. Planomtale dat.24.09.2015

Saksopplysningar:

Tiltakshavar:Ørsta Byggeservice AS og grunneigarane Kristin og Håvard Longva
Plankonsulent AG Plan og Arkitektur AS.

Planstatus for området ved oppstart av planarbeid i 2015 var LNF-område for spreidd utbygging av bustader.I samband med revisjon av kommuneplanen vart arealet endra til Byggeområde for bustader.

Oppstart av utarbeiding av privat reguleringsplan vart vedteke av Sande formannskap i F-sak 91/12 den 4.9.2012 og vart kunngjort den 13.11.2012.

Reguleringsplanen omfattar eit areal på 14,2 dekar og regulerar areal for konsentrerte småhus med inntil 8 bu-einingar,1 tomt for frittliggande småhus og 2 eksisterande bustadhus. Det er i tillegg vist areal for naust,vegar,leikeplass,gangveg og friluftsføremål mot sjøen. Vegtilkomst er tenkt bygt frå eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen.Vassforsyning kan kopløst til kommunalt ledningsnett og avløp er tenkt ført via felles privat avløpsanlegg med utslepp til sjøen.

Innspel og vurderingar etter kunngjering av planoppstart går fram av vedlegg A1

Areologisk registrering er gjennomført utan at det er gjort funn av automatisk freda kulturminne.Fylkeskommunen ynskjer å verne ein bautastein på området og oppmodar eigaren om å sende inn mulig dokumentasjon .

Planframlegg og føresegner vart utlagt til offentleg ettersyn i tidsromet 27.11.2015 – 8.1.2016. og vart til ulike offentlege instansar,naboar og grunneiarar til uttale.

Statens Vegvesen fremja motsegn til planframlegget med krav til rekkefølge,kryssingspunkt til g/s-veg og tilrettelegging av trygg tilkomst til busslomme.

Fylkeskommunen ville ikkje gi endeleg uttale til planframlegget før arkeologisk registrering er utført.

Dei andre instansane hadde ikkje særlege merknader til planframlegget.

I høve motsegn frå Statens Vegvesen vart det halde synfaring på staden den 6.4.2016 der ein kom fram til justeringar av planframlegget,jmf.referat.

Revidert planframlegg vart sendt til Statens Vegvesen som i brev dat.8.11.2016 viser til løysingsorientert samarbeid i saka og trekte motsegna.

Revidert planframlegg med gangsti til busslomme vart også sendt til Jan Arild Vik til uttale.Det er ikkje motteke merknader frå han.

Arkeologisk registrering vart rekvirert av kommunen den19.1.2017 etter at tiltakshavar la fram avtale om dekning av kostnadeane.Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.Endeleg uttale frå Fylkeskommunen vart etter fleire purringar motteke den 27.9.2017.

Vurdering og konklusjon:

Ved teknisk sektor har ein ikkje merknader til saka, og rår til at planframlegget vert stadfesta slik det går fram av framlegg til vedtak.

Larsnes, 28.09.2017

Oddbjørn Indregård
Konst.rådmann

Kjell Martin Vikene
teknisk sjef